



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 02.06.2009
Møtetid: 15:00 – 16.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 6, inkludert 0 varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Odd Lønnebakken under sak 15-16/09 Harry Foss	

Andre som var til stades på møtet:
Ass.rådmann Våge og ordførar Aase

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	
Utvalet sitt kvarter:	Nils Gåsdaal stilte spørsmål om stenging av bassenget no i mai, og kvifor det ikkje er ope fram til skuleslutt. Ass.rådmann orienterte om at Røde Kors som har vaktansvaret hadde så få badande at det ikkje var grunnlag for å halde ope den offentlege badinga lenger.
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	Orientering - status mai 2009 fredskorpset, datert 02.06.09.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 04.06.2009

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
015/09	09/231	Faste saker	
016/09	09/82	Kulturminnevern.Tilskot til draktregistrering	
017/09	09/112	Kulturstipend	
018/09	09/114	Kulturprisen 2008/2009.	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret)• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter

Saknr. 015/09
FASTE SAKER

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

02.06.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Ingen merknadar til dei faste sakene.

Utvalet sitt kvarter: Nils Gåsdal stilte spørsmål som er referert på 1. side. i møteboka.

OO-015/09 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

Saknr. 016/09

KULTURMINNEVERN.TILSKOT TIL DRAKTREGISTRERING

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev kr 10.000 i tilskot til registrering av gamle tekstilar i kommunen. Summen vert løyvd frå post 1.1500.3650.4702: Kulturvern.

02.06.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Kristian Jørgensen sette fram følgjande tilleggframlegg: "OO ber søkjar sende ny søknad om midlar ved utdeling av kulturmidlar for 2010.

Det vart røysta over framlegg til vedtak og tillegget. Det vart samrøystes vedteke.

OO-016/09 Vedtak:

Samnanger kommune gjev kr 10.000 i tilskot til registrering av gamle tekstilar i kommunen. Summen vert løyvd frå post 1.1500.3650.4702: Kulturvern. OO ber søkjar sende ny søknad om midlar ved utdeling av kulturmidlar for 2010.

Saknr. 017/09

KULTURSTIPEND

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sitt ungdomsstipend på kr. 15.000,- for 2009 vert tildelt Joel Dyrhovden. Han får stipendet for framifrå resultat først og fremst i motbakkelop og for den fine representanten han er for Samnanger - også utanom konkurransane.

02.06.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Utvalet drøfta søkjaren og slutta seg samrøystes til framlegget til vedtak. I tillegg ønska utvalet å revidera vedtektene og vurdera om det skal opprettast fond for denne ordninga.

OO-017/09 Vedtak:

Samnanger kommune sitt ungdomsstipend på kr. 15.000,- for 2009 vert tildelt Joel Dyrhovden. Han får stipendet for framifrå resultat først og fremst i motbakkelop og for den fine representanten han er for Samnanger - også utanom konkurransane.

Saknr. 018/09

KULTURPRISEN 2008/2009.

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

02.06.2009 Utvalet for oppvekst og omsorg

Handsaming i møtet: Utvalet drøfta forslaga på innkomne kandidatar. Utvalet gjennomført prøverøysting på kandidatane Margunn Lønnebakken og Vignleik Tysseland. 5 røysta for Lønnebakken og 1 røysta for Tysseland. Ved endeleg røysting vart Lønnebakken tildelt Samnanger kommune sin kulturpris for 2008/09.

OO-018/09 Vedtak:

Margunn Lønnebakken får tildelt Samnanger kommune sin kulturpris for 2008/09.

